

Evalueringsrapport aorg 209

Våren 2012

BESKRIVELSE AV STUDENTMASSEN

Semester	N	Av eksamens-meldte	Andel kvinner	Andel menn	Snitt-alder	Studie-erfaring (median)
Vår 2009	10	n/a	n/a	n/a	n/a	n/a
Vår 2012	30	58%	87%	13%	23 år	1-3 år (90%)

DEL 1. - UTBYTTE

Snittvurderingar der 1 er lågast og 5 er høgast

Semester	Fornøyd generelt	Praktisk info	Fornøyd seminar	Utbytte forelesning	Utbytte pensum	Utbytte essay	Utbytte få tilbakem. fagansvarli	Utbytte få tilbakem. andre	Utbytte gi tilbakem.
Vår 2009	3,6	n/a	3	3,4	3,9	3	3,4	n/a	n/a
Vår 2012	4,3	4,2	2,8	4,3	4,1	3,7	3,3*	2,7*	2,5*

* N er halvert her fordi mange ikkje hadde gitt/fått tilbakemelding på essay på det tidspunktet undersøkinga vart gjort

Kommentarar

Førelsingane

Kurset generelt får svært god vurdering. Langt dei fleste tilbakemeldingane uttrykker at førelesarane har vore engasjerte, inspirerande og kunnskapsrike.

- *Svært bra kurs, flinke og engasjerte forelesere.*
- *Generelt vil jeg kommentere at forelesningene med Jensen har vært særdeles relevante og gode. Jensen har også vært meget tilgjengelig og flink til å svare på spørsmål, hjelpe og ellers yte «det lille ekstra».*

- 209 kurset har vært svært spennende. Mye bra pensumlitteratur og gode empiriske eksempler som har vært en stor del av forelesningene. Utbytte hadde trolig vært større hvis vi hadde hatt seminarer og oppgaveløsninger med en seminarleder.
- Jensen er veldig flink å forelese. Han engasjerer og snakkar om interessante case slik at pensumbert enkare å skjønne seg på. Hans engasjement og interesse for faget smittar over på studentane.

Samtidig påpeikar mange at det har vore noko avstand mellom pensum og førelesingar, og nokon synst det har vore vanskeleg å finne ein raud tråd. På den andre sida meiner nokon at førelesarar har fått til å knytte saman ulike delar av pensum, og teori og empiri, på ein god måte. Likeeins blir pensum vurdert ulikt, og medan nokon etterlyser fleire empiriske døme, synst nokon det var vanskeleg å knytte nettopp dei empiriske døma og teorien saman. Det ser ut til å vere overvekt av den siste gruppa.

- Mye artikler på pensum, bra, men det krever at forelesningene knytter dette sammen på en god måte. Dette har Jensen fått bra til. Likevel litt spent på hvilken form eksamen vil ha! Håper det går bra, takk for interessant kurs!
- Synes forelesningene kunne vært enda mer pensumrelevante, professorene fokuserte litt for mye på det de kan mest om, f.eks ved å repetere de samme eksemplene på flere forelesninger.
- Godt fag med interessante problemstillinger. Positivt at professorene er opptatt av spesifikke temaer som på en god måte eksemplifiserer teorien på pensum: FISK+MAT.
- Mye av pensumlitteraturen har vært veldig vag, tung og vanskelig å forstå. Ser først sammenhenger (og forstår hva jeg har lest) nå etter alle forelesninger og jobbing med essay.

Ein refleksjon rundt denne siste kommentaren, er at den mekanismen som blir påpeikt, er nokså vanleg og ikkje nødvendigvis negativ.

Det blir påpeikt at det er stor skilnad mellom Gran og Jensen sine tilnærmingar til stoffet, men der nokon ser på det som forvirrande, synst andre det gjer kurset meir interessant.

- Kurset er interessant, men man er helt nødt til å få bedre sammenheng i stoffet. Det er også vanskelig å henge med når man har to forskjellige forelesere og den ene ikke aner hva den andre har snakket om.
- Foreleserne i faget er svært forskjellig og har ulike oppfatninger om begreper som f.eks. «markedet». Dette kan gjøre det vanskelig å vite om man bør «følge» en viss retning eller «stole» på en av dem.
- Kursopplegget er meget bra, der de bytter mellom Jensen og Gran. De er ofte av motsatte meninger, og det er felles konsensus om at de fungerer veldig bra sammen. De er begge veldig engasjerte, og klarer å gjøre tema, som veldig lett kunne blitt knusktørre, meget innbydende og spanande. Også meget bra med ekstra filmkvelder og flere gjesteforelesningar, som vidare bidrar til leselyst og vidare studier.

Studentdrivne seminar

Den studentdrivne seminar delen får markert dårlegare snittvurdering enn førelesingar og essay. Ser ein på dei kvalitative tilbakemeldingane, ser det ut til at studentmassen er delt i si vurdering av dei studentdrivne seminarane, der langt dei fleste ser det som lite utbytterikt at dei sto ansvarleg for å drive seminarane sjølve og meinte dei ville hatt betre utbytte av å ha ein seminarleiar; medan eit mindretal syntest det fungerte flott med eigenorganiserte seminar.

- *Det MÅ opprettes seminargrupper for dette kurset slik som i alle andre fag. Mye av stoffet vi lærer er tungt stoff hvor det er vanskelig å se sammenhenger – noe en seminarleder kunne hjulpet oss med ved å levere ut oppgaver underveis etc.*
- *Seminar delen til dette kurset har fungert relativt dårlig. Jeg valgte tidlig å ikke bruke tid på disse da de fungerte mest som en småforvirret kollokviegruppe. Kanskje kan man droppe disse helt?*
- *Skulle ønske me kunne hatt nokre seminar med seminarleiar. Når det ikkje er leiar på seminarane endar dei kun opp som kollokvier, noko som er mest nyttig dersom ein allereie har tatt det opp i seminarane. Dersom det er økonomiske restriksjonar so kan ein evt kun ha 3 seminar kva med fokus på hovudtema (governance, nettverk og regulering).*
- *Seminaropplegget har fungert veldig bra, men uten mye påvirkning fra noen fagansvarlige. Vi har organisert oss selv som en slags kollokvie, men dette hadde ikke vært mulig hvis ikke alle var motivert.*
- *Seminar delen er studentdrevet og det fungerer bra. Men noen seminarer er satt opp for å diskutere essayet med faglig ansvarlige, noe som må ha gått i glemmeboken hos disse. Vi har imidlertid klart oss godt selv!*

Essayskriving og tilbakemelding på essay

Her er det vanskeleg å generalisere funna, fordi om lag halvparten ikkje svarte på dei spørsmåla som knytte seg til skriving av og tilbakemelding på essay. Mange hadde ikkje fått tilbakemelding enno. Det er derfor vanskeleg å vurdere relevansen av den relativt dårlegare vurderinga enn kurset generelt. Evalueringa bør skje etter at studentane har fått tilbakemelding på essay.

Ei tilbakemelding som gjekk igjen, var likevel at mange ønska at innleveringsfristen for essay skulle vore tidlegare i semesteret. Nokon argumenterte med at det krasja med innspurt for bacheloroppgåva, medan andre la vekt på at dei på den måten ville bli «tvunge» til å gjera ein innsats tidlegare.

- *Den obligatoriske oppgaven bør ha innleveringsfrist mye tidligere i semesteret – da tvings man til å komme i gang med pensum. Nå blir det slik at oppgaven nedprioriteres pga innlevering av bachelor.*
- *Essayet var ok å skrive, men for oss som også skriver bachelor savner eg tilbakemelding litt tidlegare i kurset! Kanskje mars – begynnelsen av april? Nå er vi snart i mai og om oppgåva ikke godkjennes blir det svært stressende...*

DEL 2. – EIGA DELTAKING

Median – oftast valde alternativ, med prosentdel som valde det alternativet

Semester	Deltakelse forelesning (av 14)	Andel pensum lest (av 1000)
Vår 2009	11-14 (50%)	500-750 (50%)
Vår 2012	11-14 (77%)	250-500 (43%)

Kommentarar

I den grad det gir god informasjon å samanlikne med eitt tidlegare semester, ser det ut til at oppmøte på forelesing er nokon lunde konstant (eller litt stigande) medan studentane har lese ein mindre del av pensum dette semesteret enn tidlegare. Det bør imidlertid kontrollerast for at undersøkinga vart gjort på eit tidleg tidspunkt dette semesteret.

Prioritering av kurset i forhold til andre kurs

Medan halvparten svarar at dei har prioritert dei ulike kursa likt dette semesteret, svarar 40% at dei har nedprioritert AORG 209 til fordel for andre kurs. Langt dei fleste av desse, oppgir at dei ser seg nødt til å prioritere AORG 250 bacheloroppgåve over AORG 209. For nokon fungerer det imidlertid motsett, at det fungerer godt å balansere «skrivefaget» AORG 250 med «lesefaget» AORG 209

- *Bacheloroppgaven har tatt mye tid, og jeg har derfor frem til nå prioritert å arbeide med den.*
- *Kollokviegruppene har ikke fungert for min del, og jeg finner en del av litteaturen som ganske kjedelig.*
- *Eg har prioritert dette pga veldig interessante tema, spesielt ang case som vert brukt.*
- *Eg har prioritert dette kurset fordi det har betydd mest for meg faglig.*
- *Fremragende forelesere og særs interessante tema. Stående applaus til Jensen og Gran.*
- *Å gi en så vid essayoppgave det semesteret mange arbeider med bachelor er jo i utgangspunktet bra. Men for de som ikke skriver bachelor om noe relatert til kurset (meg inkludert) utgjør oppgaven en stor belastning ettersom det tar mye tid å tenke gjennom hva man skal skrive om. Dette er veldig dumt. En konkret oppgave som alternativ til en vid oppgave kunne ha bidratt til at de som ikke kan relatere den til bacheloren kan få bruke litt mindre tid til å tenke på tema.*

ØVRIGE KOMMENTARAR

Av øvrige tilbakemeldingar, går det igjen at mange er nøgde med filmkveldane.

- *Synes det er uprofessionelt at essay skal leveres med navn, burde bruke studentnummer i fremtiden.*
- *Jeg var syk når Thorvald Gran forelest om Tripple Helix, og synest det er synd at ingenting ble lagt ut på portalen.*
- *Pensum: Fint at det ligger en deltekster på nett, men jeg har kjøpt en del dyre bøker jeg ikke har brukt så mye. Det er litt synd.*
- *Synes det ble litt mye rot med pensumlisten i starten av semesteret. Å kjøpe et kompendie som ikke er oppdatert føles unødvendig. Digital litteratur er topp!*
- *Flott initiativ fra forelesere med filmkvelder.*
- *Veldig bra og relevante gjesteforelesninger.*
- *Tydligere informasjonsgiving er et must – i «offisiell» versjon – mye uklarhet rundt essay og seminar*
- *Spennende med filmfremvisninger og mulighet til å delta på «fiske-konferanse»*
- *Veldig bra med filmkvelder!*

OPPSUMMERING

Kurset får generelt sett svært god vurdering. Førelesarane får stort sett svært positive tilbakemeldingar og blir karakteriserte som engasjerte, kunnskapsrike og inspirerande. Nokon trekker fram eit opplevd sprik mellom førelesingar og pensum, og mellom førelesarane sine tilnærmingar.

Studentdrivne seminar får blanda tilbakemelding, og det kan vera verdt å vurdere ein annan form eller annan og meir omfattande informasjon eller motivasjonstiltak.

Dei obligatoriske oppgåvene blir stort sett karakteriserte som lærerike å jobbe med, men her er datagrunnlaget tynt.

Ein relativt stor del av studentmassen oppgir å nedprioritere dette kurset til fordel for AORG 250.